



DET KONGELEGE  
FORSVARSDPARTEMENT

# Prop. 19 S

(2021–2022)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Endringar i statsbudsjettet 2021 under Forsvarsdepartementet

*Tilråding frå Forsvarsdepartementet 26. november 2021,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Støre)*

### 1 Føremål og hovudoversikt

#### 1.1 Prioriteringar

I denne proposisjonen foreslår regjeringa naudsynte endringar i forsvarsbudsjettet for 2021 på utgifts- og inntektssida.

Regjeringa foreslår mellom anna å styrke operativ aktivitet i Forsvaret med mellom anna midlar til tilrettelegging for mottak av dei nye maritime overvakingsflya P-8 på Evenes kor dei første skal komme allereie i 2022. Regjeringa foreslår vidare å kompensere Sjøforsvaret for deltakinga på ei øving som Storbritannia hadde invitert til. Øvinga blei avlyst grunna covid-19 pandemien, men store deler av dei planlagde utgiftene var allereie kome. For at meirutgiftene ikkje skal få konsekvensar for annan operativ aktivitet er meitutgiftene til Sjøforsvaret foreslått dekkja. Midlane til disse formåla er foreslått henta ved å omdisponere i det gjeldande forsvarsbudsjettet. Vidare foreslår Regjeringa å omdisponere midlar til vidareføring av ordninga med strategisk flymedisinsk evakuering med Scandinavian Airlines System.

#### 1.2 Føremål

For å skape best mogleg samsvar mellom løyvingane under dei einskilde kapittel og postar, og endringar i budsjettføresetnadene som har skjedd sidan budsjettet blei vedtatt, legg regjeringa fram forslag om endringar i løyvingane til forsvarsbudsjettet for 2021.

Regjeringa er opptekne av å halde omfanget av omgrupperingane på eit så lågt nivå som mogleg, samstundes som at kravet om realistisk budsjettering blir varetatt.

Totalt utgjer omgrupperinga for 2021 ein foreslått auke i løyvinga til utgifter for Forsvarsdepartementet på 306,142 mill. kroner grunna ei foreslått auke i løyvinga til inntektene på same beløp.

#### 1.3 Grunnlaget for omgrupperinga

##### 1.3.1 Økonomisk grunnlag

Grunnlaget for omgrupperinga er vedtatt budsjett for 2021, midlar overførte frå 2020 og seinare endringar gjort av Stortinget. Det er også teke omsyn til forsvarssektoren sin del av lønskompensasjonen for 2021.

Tabell 1.1 Disponible midlar på utgiftssida, før omgruppering 2021, kjem fram slik (i 1 000 kroner):

Saldert budsjett for 2021	64 766 223
Innst. 600 S (2020–2021) til Prop. 195 S (2020–2021) <i>Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2021 (RNB)</i>	837 747
Budsjettmessige verknader av lønnsoppgjeret i det statlege tariffområdet i 2021	435 556
= Løyvingar før omgrupperinga	66 039 526
+ Midlar overførte frå 2020	2 550 306
= Disponible midlar i 2021 før omgrupperinga	68 589 832

Tabell 1.2 Løyvingar på inntektssida, før omgruppering 2021, kjem fram slik (i 1 000 kroner):

Saldert budsjett for 2021	6 565 627
Innst. 600 S (2020–2021) til Prop. 195 S (2020–2021) <i>Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2021 (RNB)</i>	758 247
= Løyvingar før omgrupperinga	7 323 874

### 1.3.2 Inntekter i 2021

I høve til saldert budsjett for 2021, med endringane gjort av Stortinget i Revidert nasjonalbudsjett for 2021, er det ei meirinntekt på 306,142 mill. kroner. Meirinntektene inneber ein parallell auke av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt i Innst. 7 S (2020–2021)

til Prop. 1 S (2020–2021) under romartalsvedtak II. Auken på inntekts- og utgiftssida er innarbeidd og forklart i detalj under kapittel 2 nedanfor.

### 1.3.3 Løyvingsbehov

Tala i tabellane nedanfor viser løyvingsbehov knytte til omgrupperinga for 2021.

Tabell 1.3 Løyvingsbehov på utgiftssida i samband med omgrupperingsproposisjonen er slik (i 1 000 kroner):

Auke knytte til meirinntekter	306 142
= Sum behov ved omgrupperinga	306 142
+ Løyvingar før omgrupperinga	66 039 526
= Løyvingar etter omgrupperinga	66 345 668
+ Midlar overførte frå 2020	2 550 306
= Samla disponible midlar i 2021 etter omgrupperinga	68 895 974

Tabell 1.4 Løyvingsbehovet på inntektssida i samband med omgrupperingsproposisjonen er slik (i 1 000 kroner):

Meirinntekter i omgrupperinga	306 142
+ Løyvingar før omgrupperinga	7 323 874
= Løyvingar etter omgrupperinga	7 630 016

På bakgrunn av dette foreslår regjeringa under forslag til vedtak at utgiftsramma blir auka med

306,142 mill. kroner, og at inntektsramma blir auka med 306,142 mill. kroner.

## 2 Forslag til utgifts- og inntektsendringer på kapittelnivå

### Kap. 1700 Forsvarsdepartementet

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2021	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	879 899	896 676	924 320
43	Til disposisjon for Forsvarsdepartementet	9 713	8 213	3 013
71	Overføring til andre	92 985	91 282	85 582
73	Forskning og utvikling	144 326	148 140	172 640

#### Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 27,644 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 18,083 mill. kroner grunna refusjonar frå andre departement knytte til drift av Nasjonalt BEGRENSA Nett. Jfr. forklaring under kap. 4700, post 01.
- 17,000 mill. kroner for å dekkje inn meirbehov innanfor driftsrelaterte innkjøp til IKT i 2021. Forsvarsdepartementet foreslår å omdisponere midlar frå kap. 1760, post 45.
- 0,261 mill. kroner knytte til tilbakeføring av lønnsutgifter til ein midlertidig forskarstilling hjå Forsvarets høgskule. Forsvarsdepartementet foreslår å omdisponere midlar frå kap. 1720, post 01.

Posten er foreslått redusert med:

- 5,000 mill. kroner grunna lågare aktivitet enn budsjettet i samband med covid-19 pandemien. Forsvarsdepartementet foreslår å omdisponere midlar til kap. 1760, post 45 for å styrke lagerbeholdninga.
- 1,500 mill. kroner til finansiering av ein Forsvarsrådstilling. Stillinga er finansiert ved ein utgiftsdeling mellom Forsvarsdepartementet, Forsvaret og Innovasjon Norge. Forsvarsdepartementet foreslår å omdisponere midlar til kap. 1720, post 01.
- 1,200 mill. kroner til finansiering av eit forskingsprosjekt på personell- og kompetanseområdet i 2021. Forsvarsdepartementet foreslår å omdisponere midlar til kap. 1700, post 73.

#### Post 43 Til disposisjon for Forsvarsdepartementet

Løyvinga på posten er foreslått netto redusert med 5,200 mill. kroner.

Posten består av midlar som er disponerte av forsvarsministeren til spesielle behov som krev rask avklaring og som oppstår i løpet av året. Ved slutten av budsjettåret vert ubrukte midlar omdisponert til andre prioriterte oppgåver.

Posten er foreslått redusert med:

- 5,000 mill. kroner er foreslått omdisponert til kap. 1760, post 45 for å styrke lagerbeholdninga.
- 0,200 mill. kroner er foreslått omdisponert til kap. 1700, post 71 til dekning av tilskot til Universitetet i Tromsø for ferdigstilling av bokprosjektet «Den andre verdenskrig i nord».

#### Post 71 Overføring til andre

Løyvinga på posten er foreslått netto redusert med 5,700 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 0,200 mill. kroner knytte til tilskot til Universitetet i Tromsø for ferdigstilling av bokprosjektet «Den andre verdenskrig i nord». Forsvarsdepartementet foreslår midlar omdisponert frå kap. 1700, post 43.

Posten er foreslått redusert med:

- 5,900 mill. kroner grunna færre søknader om tilskot enn føresett på budsjetteringstidspunktet. Forsvarsdepartementet foreslår midlar omdisponert til kap. 1760, post 45 for å styrke lagerbeholdninga.

*Post 73 Forsking og utvikling*

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 24,500 mill. kroner knytte til ein forsvarsrådsstilling i Brussel og ein i Washington (3,300 mill. kro-

ner), tilskot til Forskingsrådet er flytta frå kap. 1760, post 45 til kap. 1700, post 73 etter krav i løyvingreglementet (15,000 mill. kroner) og midlar er tilført posten for forskning på personell- og kompetanseområdet (6,200 mill. kroner).

**Kap. 4700 Forsvarsdepartementet**

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2021	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	42 412	52 542	70 625

*Post 01 Driftsinntekter*

Løyvinga på posten er foreslått auka med 18,083 mill. kroner knytte til betaling for drifta av Nasjonalt BEGRENSA Nett.

Meirinntektene fører med seg ein parallell auke av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt.

**Kap. 1710 Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg**

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2021	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	4 851 619	5 334 027	5 624 950
47	Nybygg og nyanlegg	3 130 666	3 469 614	3 515 114

*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 290,923 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 292,917 mill. kroner grunna meirbehov knytte til nye og justerte prognosar avstemt med brukar (86,0 mill. kroner), meirbehov knytte til øvinga Cold Response 2022 (73,0 mill. kroner), sikringstenester (69,0 mill. kroner) og ein auke i brukardefinert utvikling med bakgrunn i endra avtalar (65,0 mill. kroner), jf. forklaring under kap. 4710, post 01.
- 224,839 mill. kroner knytte til auka inntekter mellom anna som følgje av høgare energikutgifter (100,0 mill. kroner), avrekning av kostnader avstemt med brukarane (72,8 mill. kroner), høgare renovasjonsutgifter grunna inngåing av ny kontrakt (45,0 mill. kroner), jf. forklaring under kap. 4710, post 01 og drift av infrastruktur knytte til forsyning (7 mill. kroner).

- 56,603 mill. kroner knytte til auka inntekter til husleige basert på Forsvarsbygg sin leigemodell, jf. forklaring under kap. 4710, post 01.

Posten er foreslått redusert med:

- 143,207 mill. kroner knytte til mindre aktivitet hos NATO Security Investment Program enn det som var lagt til grunn i budsjettet, jf. forklaring under kap. 4710, post 01.
- 140,229 mill. kroner grunna færre oppdrag enn føresett frå Justis- og beredskapsdepartementet frå prosjektet for nye redningshelikopter (NAWSARH), jf. forklaring under kap. 4710, post 01.

*Post 47 Nybygg og nyanlegg*

Løyvinga på posten er foreslått auka med 45,500 mill. kroner, jf. forklaring under kap. 4710, post 01. Auken er foreslått brukt til dekning av meirutgifter for EBA på Ørland, EBA til eit IKT-prosjekt og meirutgifter grunna kjøp av tenester

som har hatt ein høgare prisvekst enn det som var lagt til grunn i budsjettet.

### Kap. 4710 Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2021	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	4 430 548	4 829 996	5 120 919
47	Sal av eigedom	109 032	102 932	148 432

#### Post 01 Driftsinntekter

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 290,923 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 292,917 mill. kroner grunna meirbehov knytte til nye og justerte prognosar avstemt med brukar (86,0 mill. kroner), meirbehov knytte til øvinga Cold Response 2022 (73,0 mill. kroner), sikringstenester (69,0 mill. kroner) og ein auke i brukardefinert utvikling med bakgrunn i endra avtalar (65,0 mill. kroner).
- 224,839 mill. kroner knytte til auka inntekter mellom anna som følgje av høgare energiutgifter (100,0 mill. kroner), avrekning av kostnader avstemt med brukarane (72,8 mill. kroner), høgare renovasjonsutgifter grunna inngåing av ny kontrakt (45,0 mill. kroner) og inntekter frå drift av infrastruktur knytte til forsyning (7,0 mill. kroner).
- 56,603 mill. kroner knytte til auka inntekter til husleige basert på Forsvarsbygg sin leigemodell.

Posten er foreslått redusert med:

- 143,207 mill. kroner knytte mindre aktivitet hos NATO Security Investment Program enn det som var lagt til grunn i budsjettet.
- 140,229 mill. kroner grunna færre oppdrag enn føresett frå Justis- og beredskapsdepartementet frå prosjektet for nye redningshelikopter (NAWSARH).

Netto meirinntekter fører med seg ein parallell auke av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt.

#### Post 47 Sal av eigedom

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 45,500 mill. kroner. Auken skuldast sal av «Perminalen Sydspissen» i Tromsø til Tromsø kommune og sal av bustader på Mågerø til over budsjett. Midlane er foreslått brukt til dekning av meirutgifter ved EBA Ørland, EBA til et IKT-prosjekt og meirutgifter grunna kjøp av tenester som har hatt ein høgare prisvekst enn det som var lagt til grunn i budsjettet.

### Kap. 1720 Forsvaret

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2021	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	30 903 730	31 782 372	32 147 513

#### Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 365,141 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 150,000 mill. kroner knytte til meirutgifter Heimevernet har hatt i samband med bistand

til politiet for grenseoppdrag grunna covid-19 pandemien, jf. forklaring under kap. 4720, post 01.

- 47,650 mill. kroner knytte til meirutgifter i samband med Forsvarets etablering av midlertidig løysning for å fase inn P-8 maritime patruljefly på Evenes. Meirutgiftene skuldast etablering

- av kontor- og brakkefasilitetar, midlertidig luftoperasjonssenter og hangar- og IKT-løysingar.
- 44,000 mill. kroner knytte til anskaffing av ein midlertidig hangar på Evenes i samband med mottak av dei nye P-8 maritime patruljefly. Midlane var budsjettert på kap. 1760, post 45, men skal skaffast over driftsbudsjettet på kap. 1720, post 01. Jf. forklaring på kap. 1760, post 45.
  - 40,000 mill. kroner knytte til at betalingsplanen for finansiering av kontrakt til interimløysing for vedlikehald av P-8 maritime patruljefly (Site Activation Team) er framskunda og Forsvaret får difor eit meirbehov i 2021. Forskyvinga vil ikkje få konsekvens for den totale utbetalinga til formålet.
  - 32,000 mill. kroner knytte til at ansvaret for innovasjon og eksperimentering (CD&E) er overført til Forsvaret frå Forsvarets forskingsinstitutt. Midlane blei tildelt Forsvaret på kap. 1760, post 45, men sidan tildelinga skal fordelast på en rekkje avdelingar i Forsvaret, er det meir hensiktsmessig å omdisponera midlane til kap. 1720, post 01.
  - 17,250 mill. kroner knytte til at Forsvarsdepartementet har pålagt Forsvaret å inngå ein avtale med Scandinavian Airlines System (SAS) om å vidareføra ordninga med flymedisinsk evakuering med SAS. Midlane er foreslått omdisponert frå kap. 1760, post 45.
  - 16,000 mill. kroner knytt til meirutgifter Sjøforsvaret har hatt i samband med planlegging og førebuing til ei øving som Storbritannia hadde invitert til. Øvinga blei grunna covid-19 pandemien avlyst, men store deler av dei planlagde utgiftene var allereie kome. Meirutgiftene til planlegging av øvinga var ikkje budsjettert med for 2021 og det er difor foreslått å omdisponere midlar til Sjøforsvaret frå kap. 1760, post 45.
  - 12,000 mill. kroner knytte til meirutgifter for omstillingstiltak innanfor forsyning, læringsformidling og til moderniserings- og effektiviseringsprogrammet. Midlane er foreslått omdisponert frå avsette omstillingsmidlar på kap. 1760, post 45.
  - 8,000 mill. kroner knytte til innkjøp av ein lagerheis til ein midlertidige lagerbygning på Evenes i samband med mottak av dei nye P-8 maritime patruljefly. Utgiftene var budsjettert på kap. 1760, post 45, men lagerheisen skal skaffast over driftsbudsjettet på kap. 1720, post 01. Jf. forklaring på kap. 1760, post 45.
  - 3,611 mill. kroner knytte til at Forsvaret på vegne av Forsvarsdepartementet betaler faktura frå Direktoratet for strålevern og atomikkerhet i samband med anløp av reaktor-drivne fartøy til norske hamner.
  - 2,444 mill. kroner knytte til å leige fiberanlegg frå Statnett. Midlane vert dekt av inntekter frå salet av eit tilsvarande fiberanlegg til Statnett. Jf. forklaring på kap. 4760, post 01.
  - 1,870 mill. kroner knytte til at Etterretningstenesta har eit auka behov for studieplasser på Cyberingeniørskulen. Midlane er omdisponerte frå kap. 1735, post 21.
  - 0,827 mill. kroner knytte til oppretting av ein stilling i militærmisjonen i Brussel. Lønnsmidlar for stillinga er foreslått omdisponert frå kap. 1735, post 21.
  - 0,636 mill. kroner knytte til at kap. 1720 blei feilbelasta for bonusutbetaling til tilsette som trer av på særskilt aldersgrense (T-35). Midlane er foreslått omdisponert frå kap. 1735, post 21.
- Posten er foreslått redusert med:
- 8,215 mill. kroner knytte til at ansvaret for innovasjon og eksperimentering (CD&E) er flytta frå Forsvarets forskingsinstitutt til Forsvaret og fakturering utgår difor. Dette gir lågare inntekter med tilsvarande reduksjon på utgiftsida.
  - 2,271 mill. kroner knytte til bonusutbetaling til tilsette som trer av på særskilt aldersgrense (T-35). Forsvarsdepartementet foreslår i den forbindelse å omdisponere midlar til Forsvarsmateriell på kap. 1760, post 01.
  - 0,400 mill. kroner knytte til at drift av eit IKT-program er overført frå Forsvaret til Forsvarsmateriell. Forsvarsdepartementet foreslår å flytte lønnsmidlane til kap. 1760, post 01.
  - 0,261 mill. kroner knytte til tilbakeføring av lønnsutgifter til ein midlertidig forskarstilling hjå Forsvarets høgskule. Forsvarsdepartementet foreslår å tilbakeføre midlane til kap. 1700, post 01.

**Kap. 4720 Forsvaret**

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2021	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	754 951	1 012 420	1 154 205

*Post 01 Driftsinntekter*

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 141,785 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 150,000 mill. kroner knytte til at Heimevernet får auka refusjonar frå Justis- og beredskapsdepartementet for utgifter dei har hatt i samband med bistand til politiet for grenseoppdrag grunna covid-19 pandemien. Inntektene har ei tilsvarande utgiftssida.

Posten er foreslått redusert med:

- 8,215 mill. kroner knytte til at ansvaret for innovasjon og eksperimentering (CD&E) som tidlegare låg hos Forsvarets forskingsinstitutt og Forsvaret ved Cyberforsvaret fakturerte for utgifter dei hadde i den forbindelse. Ansvaret blei i 2021 flytta til Forsvaret og fakturering utgår difor. Reduksjonen av inntektene har ein tilsvarande reduksjon av utgiftssida.

Meirinntekta fører med seg ein parallell auke av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt.

**Kap. 1735 Etterretningstenesta**

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2021	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
21	Spesielle driftsutgifter	2 372 653	2 419 903	2 416 570

*Post 21 Spesielle driftsutgifter*

Løyvinga på posten er foreslått netto redusert med 3,333 mill. kroner.

Reduksjonen er knytte til 1,870 mill. kroner for auka behov for studieplassar på Cyberingeniør-

skulen, 0,827 mill. kroner til dekning av ein stilling i militærmisjonen i Brussel og 0,636 mill. kroner knytte til at kap. 1720 blei feilbelasta for bonusutbetaling til tilsette som trer av på særskilt aldersgrense (T-35).

**Kap. 1760 Forsvarsmateriell og større anskaffingar og vedlikehald**

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2021	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	1 819 537	1 992 511	2 046 176
44	Fellesfinansierte investeringar, nasjonal-finansiert del	93 029	93 029	162 029
45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald	18 345 238	17 592 759	17 199 947
75	Fellesfinansierte investeringar, Noregs tilskott til NATO's investeringsprogram for tryggleik	109 095	109 095	125 886

*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 53,665 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 27,000 mill. kroner knytte til eit meirbehov på avhendingsverksemda som har hatt høgare avhendingsutgifter enn forventa. Spesielt blir utgiftsbildet av førebuing til avhending av F-16 flya påverka. Inntekspotensialet frå sal av F-16 er betydelig, men prosessen trekker ut i tid.
- 14,000 mill. kroner knytte til at inntektskravet på tenestar til Justis- og beredskapsdepartementet (JD) for innføringa av nye redningshelikopter (NAWSARH) er foreslått auka i samråd med JD.
- 8,396 mill. kroner knytte til at Nasjonal tryggingsskyldighet er tildelt midlar til FoU relaterte investeringar på kap. 1760, postane 01 og 45. Det er behov for ei intern fordeling mellom postane for å tilpasse løyvingane etter sin utgiftsart.
- 2,271 mill. kroner knytte til bonusutbetaling til tilsette som trer av på særskilt aldersgrense (T-35). Det er behov for å omdisponere midlar frå kap. 1720, post 01, til kap. 1760, post 01.
- 1,598 mill. kroner knytte til at Nasjonal tryggingsskyldighet har investerings- og driftsmidlar på kap. 1760, postane 01 og 45. På prosjektet P2950 Digital varslingsinfrastruktur er det behov for en intern fordeling mellom postane for å tilpasse løyvingane etter sin utgiftsart.
- 0,400 mill. kroner knytte til at drifta av eit IKT-program er overført frå Forsvaret til Forsvarsmateriell og det er i samband med dette behov for å flytte lønnsmidlar frå kap. 1720, post 01, til kap. 1760, post 01.

*Post 44 Fellesfinansierte investeringar, nasjonal-finansiert del*

Løyvinga på posten er foreslått auka med 69,000 mill. kroner knytte til forsert framdrift på NATO-prosjekta «Augment the JWC training and exercise capability» ved Joint Warfare Center i Stavanger med hensikt å auke den generelle kapasiteten til å halde større øvingar, og «Restore AWACS platform» på Ørland flystasjon med hensikt å renovere oppstillingsplassane for NATO E-3A luftovervakingsfly i Noreg.

*Post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald*

Løyvinga på posten er foreslått netto redusert med 392,812 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 15,900 mill. kroner knytte til eit mindrebehov på postar på kap. 1700 som er foreslått omdisponerte til kap. 1760, post 45 for å styrke lagerbeholdningar. Jf. forklaring på kap. 1700, postane 01, 43 og 71.

Posten er foreslått redusert med:

- 69,000 mill. kroner knytte til forsert framdrift på NATO-prosjekta «Augment the JWC training and exercise capability» ved Joint Warfare Center i Stavanger med hensikt å auke den generelle kapasiteten til å halde større øvingar, og «Restore AWACS platform» på Ørland flystasjon med hensikt å renovere oppstillingsplassane for NATO E-3A luftovervakingsfly i Noreg. Forsvarsdepartementet foreslår at midlane blir omdisponerte til kap. 1760, post 44.
- 47,650 mill. kroner knytte til eit meirbehov på Forsvarets etablering av ei midlertidig løysing for å fase inn P-8 maritime patruljefly på Evenes. Meirbehovet skuldast etablering av kontor- og brakkefasilitetar, midlertidig luftoperasjonssenter og hangar- og IKT-løysingar. Forsvarsdepartementet foreslår at midlane blir omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 44,000 mill. kroner knytte til kjøp av ein midlertidig hangar på Evenes i samband med mottak av dei nye P-8 maritime patruljeflya. Midlane er budsjettert som ein investering, men skal skaffast over driftsbudsjettet. Forsvarsdepartementet foreslår at midlane blir omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 40,000 mill. kroner knytte til at betalingsplanen for finansiering av kontrakt til interimløysing for vedlikehald av P-8 maritime patruljefly (SAT) er framskynda og Forsvaret får derfor eit meirbehov i 2021. Forskyvinga vil ikkje få konsekvens for den totale utbetalinga til formålet. Forsvarsdepartementet foreslår at midlane blir omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 32,000 mill. kroner knytte til at ansvaret for innovasjon og eksperimentering (CD&E) er overført til Forsvaret frå Forsvarets forskingsinstitutt. Midlane blei tildelt Forsvaret på kap. 1760, post 45, men sidan tildelinga skal fordelast på ei rekkje avdelingar i Forsvaret foreslår Forsvarsdepartementet at midlane blir omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 27,000 mill. kroner knytte til avhendingsverksemda som har høgare utgifter enn forventa. Spesielt er utgiftsbildet påverka av førebuingane til avhending av F-16 kampflya. Forsvarsdepartementet foreslår at midlane blir omdisponerte til kap. 1760, post 01.



- 26,616 mill. kroner knytte til dekning av ei mindreinntekt på kap. 4760, post 48 grunna forseinking på innbetalingar frå NATO. Jf. forklaring under kap. 4760, post 48.
- 17,250 mill. kroner knytte til meirutgifter i samband med at Forsvaret skal vidareføre ordninga med Scandinavian Airlines System om beredskap for flymedisinsk evakuering. Forsvarsdepartementet foreslår at midlane blir omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 17,000 mill. kroner knytte til meirbehov innanfor driftsrelaterte innkjøp til IKT. Forsvarsdepartementet foreslår at midlane blir omdisponerte til kap. 1700, post 01.
- 16,791 mill. kroner knytte til at Noregs tilskot til NATOs Investeringsprogram for sikkerhet blei høgare enn budsjettert grunna auka aktivitet i NATOs samla investeringsprogram samt svakare kurs for norske kroner versus Euro. Forsvarsdepartementet foreslår at midlane blir omdisponerte til kap. 1760, post 75.
- 16,000 mill. kroner knytte til meirutgifter Sjøforsvaret har hatt i samband med planlegging og førebuing til ei øving som Storbritannia hadde invitert til. Øvinga blei grunna covid-19 pandemien avlyst, men store deler av dei planlagde utgiftene var allereie kome. Meirutgiftene til planlegging av øvinga var ikkje budsjettert med for 2021 og det er difor foreslått å omdisponere midlar til Sjøforsvaret på kap. 1720, post 01.
- 15,000 mill. kroner knytte til at midlar for tilskot til Forskningsrådet er omdisponert frå investeringspost til tilskotspost i samhøve med løyvingsregelverket. Forsvarsdepartementet foreslår at midlane blir omdisponerte til kap. 1700, post 73.
- 12,000 mill. kroner knytte til ein auke på omstillingstiltak innanfor forsyning, læringsformidling og moderniserings- og effektiviseringsprogrammet. Forsvarsdepartementet foreslår at midlane blir omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 8,396 mill. kroner knytte til at Nasjonal tryggingssmyndighet har midlar for FoU relaterte utgifter på kap. 1760, postane 01 og 45. Det er behov for å omdisponere mellom postane for å tilpasse løyvingane etter sin utgiftsart. Forsvarsdepartementet foreslår at midlane blir omdisponerte til kap. 1760, post 01.
- 8,000 mill. kroner knytte til at det i samband med mottak av dei nye P-8 maritime patruljefly på Evenes er eit behov for innkjøp av ein lagerheis til ein midlertidige lagerbygning. Utgiftene er budsjettert på investeringsposten, men lagerheisen skal skaffast over driftsbudsjettet. Forsvarsdepartementet foreslår at midlane blir omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 5,000 mill. kroner knytte til tilførsel av midlar til forskning på personell- og kompetanseområdet i Forsvarsdepartementet. Forsvarsdepartementet foreslår at midlane blir omdisponerte til kap. 1700, post 73.
- 3,611 mill. kroner knytte til at Forsvaret på vegne av Forsvarsdepartementet betaler ein faktura frå Direktoratet for strålevern og atomikkerhet for utgifter i samband med anløp av reaktordrivne fartøy til norsk hamn. Forsvarsdepartementet foreslår at midlane blir omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 1,800 mill. kroner knytte til oppretting av ein stilling som forsvarsindustriråd ved ambassaden i Washington. Stillinga er finansiert ved ei utgiftsdeling mellom Forsvarsdepartementet, Forsvaret og Innovasjon Norge. Forsvarsdepartementet foreslår at midlane blir omdisponerte til kap. 1700, post 73.
- 1,598 mill. kroner knytte til at Nasjonal tryggingssmyndighet har investerings- og driftsmidlar på kap. 1760, postane 01 og 45. På prosjektet P2950 Digital varslingsinfrastruktur er det behov for ei intern deling mellom postane for å tilpasse løyvinga etter sin utgiftsart. Forsvarsdepartementet foreslår at midlane blir omdisponerte til kap. 1760, post 01.

*Post 75 Fellesfinansierte investeringar, Noregs tilskott til NATOs investeringsprogram for tryggleik*

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 16,791 mill. kroner knytte til at krav frå NATO på innbetaling av Noregs tilskot til NATOs Investeringsprogram for sikkerhet blei høgare enn budsjettert. Dette skuldast auka aktivitet i NATOs samla investeringsprogram samt svakare kurs for norske kroner versus Euro.

**Kap. 4760 Forsvarsmateriell og større anskaffingar og vedlikehald**

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2021	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	31 877	79 877	96 321
48	Fellesfinansierte investeringar, fellesfinansiert del, inntekter	350 036	350 036	323 420

*Post 01 Driftsinntekter*

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 16,444 mill. kroner. Auken skuldast inntekter frå Justis- og beredskapsdepartementet for arbeid gjort i samband med innføringa av nye redningshelikopter (NAWSARH) (14,000 mill. kroner) og i samband med sal av ein fiberkabel til Statnett (2,444 mill. kroner). Meirinntektene har ei tilsvarende utgiftsside. Forsvarsdepartementet foreslår ein tilsvarende auke på kap. 1760, post 01, og kap. 1720, post 01.

*Post 48 Fellesfinansierte investeringar, fellesfinansiert del, inntekter*

Løyvinga på posten er foreslått netto redusert med 26,616 mill. kroner knytte til forseinking på innbetaling frå NATO på fellesfinansierte investeringar (Call for contributions). Mindreinntekta fører med seg ein parallell reduksjon av utgiftsramma på kap. 1760, post 48, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt.

**Kap. 1791 Redningshelikoptertenesta**

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2021	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	821 971	902 830	722 853

*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten er foreslått netto redusert med 179,977 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 5,023 mill. kroner knytte Forsvarets del av Justis- og beredskapsdepartementets lønnskompensasjon. Utgiftssida vert auka tilsvarende.

Posten er foreslått redusert med:

- 95,000 mill. kroner knytte til at forventade driftsutgifter for inneverande år på drift av Redningshelikoptertenesta vil bli lågare enn budsjettert. Det har vore utfordringar med å budsjettere nøyaktig budsjettbehov i perioden der både gamle Sea King og nye SAR Queen redningshelikopter skal driftast. Det er difor foreslått ein reduksjon på inntekts- og utgiftssida.

- 90,000 mill. kroner som følge av at det i samband med kontrakter lagt til grunn at JD skal dekkje 1/6 av dei faste kostnadane (Quarterly Rate) samt flytimekost for kvar redningshelikopterbase som er sett i drift fram til innfasinga er ferdigstilt. Dei fyrste nye redningshelikoptra blei sett i drift på Sola-basen 1. september 2020 og andre base Ørland blei sett i drift 14. mai 2021. Det foretas i samband med dette utbetalingar til leverandør Leonardo Helicopters frå Justis- og beredskapsdepartementet (JD) som blir belasta den delen av løyvinga som utgjør det ordinære driftsbudsjettet hos JD. JD har som følge av dette halde tilbake 90 mill. kroner. Det har vore usikkerheit knytt til når den andre redningshelikopterbasen skulle setjast i drift og såleis og størrelsen på beløpet som skal utbetales til Leonardo Helicopters.

**Kap. 4791 Redningshelikoptertenesta**

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2020	Løyving før omgruppering	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	726 271	796 571	616 594

*Post 01 Driftsinntekter*

Løyvinga på posten er foreslått netto redusert med 179,977 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 5,023 mill. kroner knytte Forsvarets del av Justis- og beredskapsdepartementets lønnskompensasjon 2. Utgiftssida vert auka tilsvarende.

Posten er foreslått redusert med:

- 95,000 mill. kroner knytte til at forventade driftsutgifter for inneverande år på drift av Redningshelikoptertenesta vil bli lågare enn budsjettet. Det har vore utfordringar med å budsjettere nøyaktig budsjettbehov i perioden der både gamle Sea King og nye SAR Queen redningshelikopter skal driftast. Det er difor foreslått ein reduksjon på inntekts- og utgiftssida.
- 90,000 mill. kroner som følgje av at det i samband med kontrakt lagt til grunn at JD skal dekkje 1/6 av dei faste kostnadane (Quarterly Rate) samt flytimekost for kvar redningshelikopterbase som er sett i drift fram til innfasinga er ferdigstilt. Dei fyrste nye redningshelikoptra blei sett i drift på Sola-basen 1. september 2020 og andre base Ørland blei sett i drift 14. mai 2021. Det foretas i samband med dette utbetalingar til leverandør Leonardo Helicopters frå Justis- og beredskapsdepartementet (JD) som blir belasta den delen av løyvinga som utgjer det ordinære driftsbudsjettet hos JD. JD har som følgje av dette halde tilbake 90 mill. kroner. Det har vore usikkerheit knytt til når den andre redningshelikopterbasen skulle setjast i drift og såleis og størrelsen på beløpet som skal utbetales til Leonardo Helicopters.

Mindreinntekta fører med seg ein parallell reduksjon av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt.

**3 Romertalsvedtak**

I Prop. 1 S (2021–2022) blei det etter Riksrevisjonens anbefaling foreslått ei fullmakt knytte til Forsvarets praktisering av horisontal samhandling. For ikkje å bryte løyvingsreglementet er det også for 2021 behov for eit romertallsvedtak knytte til Forsvarets praktisering av horisontal samhandling. Sjå forslag til nytt vedtak.

**4 Tilsagnsfullmakt**

Forsvarsdepartementet foreslår å auke tilsagnsfullmakta på kap. 1700, post 73 med 349 mill. kroner frå 151 mill. kroner til 500 mill. kroner. Bakgrunnen for auken er at løyvinga knytte til forskings-, materiell- og utviklingsstøtte er flyttet frå kap. 1760, post 45 utan at tilsagnsfullmakta blei auka tilsvarende. Det var ingen tidligare tilsagnsfullmakt på kap. 1760, post 45. Sjå forslag til nytt vedtak.

**5 Bestillingsfullmakt**

Forsvarsdepartementet foreslår å redusere bestillingsfullmakta på kap. 1760, post 45 med 349 mill. kroner, frå 104 072 mill. kroner til 103 723 mill. kroner, jf. forslag til tilsagnsfullmakt. Bakgrunnen for reduksjonen er at løyvinga knytt til forskings-, materiell- og utviklingsstøtte er flyttet frå kap. 1760, post 45, til kap. 1700, post 73. Sjå forslag til nytt vedtak.

**6 Interne endringar på kap. 1720 Forsvaret**

Tabellen under viser interne endringar på avdelingar under kap. 1720 Forsvaret foreslått av forsvaretsjefen (FSJ) i omgrupperinga. I samband med ny kapittelstruktur på forsvarsbudsjettet frå 2021, der alle forsvarsgreinene og andre sjølvstendige avdelingar i Forsvaret, med unntak av

kap. 1735 Etterretningstenesta og kap. 1791 Redningshelikoptertenesta, blei samla under nytt

kap. 1720 Forsvaret, blir Stortinget informert om dei største endringane internt på kapitlet.

Driftseining	FSJs plan for 2021	FSJs plan RNB	Lønns-komp 2 for 2021	Foreslått endring omgrp.	Samla tildeling
Forsvarsstaben og Forsvarets fellestenester	1 314 650	-169 298	13 500	-9 224	1 149 628
Forsvarets operative hovudkvarter	886 762	-137 744	7000	-129 492	626 526
Hæren	6 282 225	139 397	82 972	-60 145	6 444 449
Sjøforsvaret, ekskl. Kystvakta	4 569 046	137 802	39 500	80 177	4 826 525
Luftforsvaret	6 568 003	258 429	54 000	92 776	6 973 208
Heimevernet	1 452 366	101 664	19 000	149 760	1 722 790
Kystvakta	1 210 713	-1 651	9 500	21 672	1 240 234
Forsvarets spesialstyrker	948 722	64 844	11 500	12 144	1 037 210
Cyberforsvaret	2 002 995	80 548	17 500	-11 771	2 089 272
Forsvarets logistikkorganisasjon	2 368 271	100 120	45 000	259 691	2 773 082
Forsvarets sanitet	379 095	-2 505	5 500	-5 283	376 807
Forsvarets høgskule	795 697	13 262	8 000	3 136	820 095
Forsvarets personell og vernepliktssenter	1 173 366	-62 998	12 000	12 649	1 135 017
Norske styrker i utlandet	951 819	31 800		-50 949	932 670
Sum kap. 1720	30 903 730	553 670	324 972	365 141	32 147 513

#### Interne endringar

##### Hæren

- 17,000 mill. kroner – Tilførsel av aktivitetsmidlar frå forsvarssjefens (FSJ) fellesfinansierte øvingar
- 37,597 mill. kroner – Tilførsel av midlar for meirkostnader covid-19
- 2,225 mill. kroner – Tilførsel av midlar for meirkostnader valuta og drivstoff
- 38,981 mill. kroner – Effektiviseringskrav i 2021
- 82,000 mill. kroner – Flytting til FLO for å finansiere periodiseringsutfordringar knytte til sal av drivstoff til allierte og infrastruktur Cold Response 2022. Midlane er frigjort ved å forskyve anskaffingar til 2022

##### Sjøforsvaret

- 7,000 mill. kroner – Tilførsel av aktivitetsmidlar frå FSJs fellesfinansierte øvingar

- 20,000 mill. kroner – Tilførsel av midlar knytte til forsterka nasjonale operasjonar
- 61,172 mill. kroner – Tilførsel av midlar for meirkostnader covid-19
- 28,098 mill. kroner – Effektiviseringskrav i 2021

##### Luftforsvaret

- 19,396 mill. kroner – Tilførsel av midlar til forsert tilsetjing
- 19,000 mill. kroner – Tilførsel av aktivitetsmidlar frå FSJ fellesfinansierte øvingar
- 16,543 mill. kroner – Tilførsel av midlar for meirkostnader valuta og drivstoff
- 14,700 mill. kroner – Tilførsel av midlar for meirkostnader covid-19
- 40,710 mill. kroner – Effektiviseringskrav i 2021
- 61,300 mill. kroner – Mindrebehov materiell-drift F-35
- 3,360 mill. kroner – Mindrebehov effektforbetring materiell

*Heimevernet*

- 2,000 mill. kroner – Tilførsel av aktivitetsmidler frå FSJ fellesfinansierte øvingar
- 150,000 mill. kroner – Justering av utgift- og inntektskapittelet som følgje av grenseoppdraga
- 2,700 mill. kroner – Ny faktureringsmodell for forsyningstenester
- 1,430 mill. kroner – Løn til kjøkkenpersonell
- 2,537 mill. kroner – Oppdrag knytte til styrkeskyttelse
- -8,896 mill. kroner – Effektiviseringskrav i 2021

*Kystvakta*

- 3,750 mill. kroner – Logistikkplattform for øvingane Arctic Hawk og Joint Viking
- 23,487 mill. kroner – Tilførsel av midlar for meirkostnader valuta og drivstoff
- 1,856 mill. kroner – Tilførsel av midlar for meirkostnader covid-19
- -7,421 mill. kroner – Effektiviseringskrav 2021

*Resterende driftseiningar (DIF) på kap. 1720*

- 150,000 mill. kroner – Omdisponering internt for å finansiere periodiseringsutfordringar knytte til sal av drivstoff allierte og infrastruktur Cold Response 2022
- 185,000 mill. kroner – Effektiviseringskrav i 2021
- 61,300 mill. kroner – Mindrebehov materiell-drift F-35
- -44,000 mill. kroner – Mindrebehov internasjonale operasjonar
- -45,000 mill. kroner – Omfordeling aktivitetsmidler frå FSJs fellesfinansierte øvingar
- -19,396 mill. kroner – Forsert tilsetjing i Luftforsvaret
- -20,000 mill. kroner – Tilførsel av midlar til forsterking av nasjonale operasjonar i Sjøforsvaret

- -47,178 mill. kroner – Tilførsel av midlar for å dekke meirkostnader valuta og drivstoff i Luftforsvaret, Sjøforsvaret, Kystvakta og Hæren.
- -155,000 mill. kroner – Posten gjelder tilførsel meirkostnader covid-19 i andre driftseiningar

I tillegg kjem endringar som følgje av forslaga til omgrupperinga som forklart i kapittel 2 ovanfor.

## 7 Til informasjon

---

Forsvarsbygg gjennomførte sumaren 2021 hogst i Trandumskogen, eit freda område med viktige kulturminner frå andre verdskrig. Omfanget av hogsten og bruk av hogstmaskinar skapte sterke reaksjonar, og tiltaket blei meldt til Politiet av Viken fylkeskommune og Ullensaker kommune. Forsvarsdepartementet har mottatt rapport frå undersøkingsskommissjonen som departementet sette ned etter Forsvarsbyggs inngrep. Hovudkonklusjonen er at manglar i Forsvarsbyggs rutinar og prosedyrar og manglande etterleving av etablerte prosedyrar er årsak til hendinga. Det leda til mangelfull samhandling mellom ulike spesialistmiljø i Forsvarsbygg, ein samhandling som normalt ville fanga opp dei spesielle omsyna som gjeld Trandumskogen.

Kommissjonen understreker i sin rapport at ingen av dei involverte i hendinga har ønskt å handle i strid med kulturminne-, naturvern- eller miljøvernkrav, eller hatt manglande motivasjon for å innrette tiltaka i tråd med disse krava.

Departementet har gitt Forsvarsbygg i oppdrag å gjennomføre ein total gjennomgang av etatens kvalitetssystem rundt rutinar og prosedyrar. Forsvarsbygg skal både setje i gong tiltak på bakgrunn av kommissjonens anbefaling og som resultat av eigen gjennomgang.

Endringar i statsbudsjettet 2021 under Forsvarsdepartementet

Forsvarsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit vedlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2021 under Forsvarsdepartementet.

---

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2021 under Forsvarsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2021 under Forsvarsdepartementet

### I

I statsbudsjettet for 2021 blir det gjort følgende endringer:

#### Utgifter:

Kap.	Post	Føremål	Kroner
1700		Forsvarsdepartementet	
	01	Driftsutgifter, blir auka med..... frå kr. 896 676 000 til kr. 924 320 000	27 644 000
	43	Til disposisjon for Forsvarsdepartementet, <i>kan overførast</i> , blir redusert med..... frå kr. 8 213 000 til kr. 3 013 000	5 200 000
	71	Overføring til andre, <i>kan overførast</i> , blir redusert med..... frå kr. 91 282 000 til kr. 85 582 000	5 700 000
	73	Forskning og utvikling, <i>kan overførast</i> , blir auka med ..... frå kr. 148 140 000 til kr. 172 640 000	24 500 000
1710		Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg	
	01	Driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir auka med..... frå kr. 5 334 027 000 til kr. 5 624 950 000	290 923 000
	47	Nybygg og nyanlegg, <i>kan overførast</i> , blir auka med..... frå kr. 3 469 614 000 til kr. 3 515 114 000	45 500 000
1720		Forsvaret	
	01	Driftsutgifter, blir auka med..... frå kr. 31 782 372 000 til kr. 32 147 513 000	365 141 000
1735		Etterretningstenesta	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir redusert med..... frå kr. 2 419 903 000 til kr. 2 416 570 000	3 333 000
1760		Forsvarsmateriell og større anskaffingar og vedlikehald	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 1760, post 45</i> , blir auka med ..... frå kr. 1 992 511 000 til kr. 2 046 176 000	53 665 000

Kap.	Post	Føremål	Kroner
	44	Fellesfinansierte investeringar, nasjonalfinansiert del, <i>kan overførast</i> , blir auka med .....	69 000 000
		frå kr. 93 029 000 til kr. 162 029 000	
	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , blir redusert med .....	392 812 000
		frå kr. 17 592 759 000 til kr. 17 199 947 000	
	75	Fellesfinansierte investeringar, Noregs tilskott til NATOs investerings- program for tryggleik, <i>kan overførast, kan nyttast under kap. 1760,</i> <i>post 44</i> , blir auka med .....	16 791 000
		frå kr. 109 095 000 til kr. 125 886 000	
1791		Redningshelikoptertenesta	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med .....	179 977 000
		frå kr 902 830 000 til kr. 722 853 000	

## Inntekter:

Kap.	Post	Føremål	Kroner
4700		Forsvarsdepartementet	
	01	Driftsinntekter, blir auka med.....	18 083 000
		frå kr. 52 542 000 til kr. 70 625 000	
4710		Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg	
	01	Driftsinntekter, blir auka med.....	290 923 000
		frå kr. 4 829 996 000 til kr. 5 120 919 000	
	47	Sal av eigedom, blir auka med .....	45 500 000
		frå kr. 102 932 000 til kr. 148 432 000	
4720		Forsvaret	
	01	Driftsinntekter, blir auka med.....	141 785 000
		frå kr. 1 012 420 000 til kr. 1 154 205 000	
4760		Forsvarsmateriell og større anskaffingar og vedlikehald	
	01	Driftsinntekter, blir auka med.....	16 444 000
		frå kr. 79 877 000 til kr. 96 321 000	
	48	Fellesfinansierte investeringar, inntekter, blir redusert med .....	26 616 000
		frå kr. 350 036 000 til kr. 323 420 000	
4791		Redningshelikoptertenesta	
	01	Driftsinntekter, blir redusert med .....	179 977 000
		frå kr. 796 571 000 til kr. 616 594 000	



## II

## Uttak frå lager av materiell som er utgiftsført tidlegare år

Stortinget samtykker i at Forsvarsdepartementet i 2021 kan fråvike løyvingsreglementets bestemming om kontant- og eittårsprinsippet ved uttak frå lager som er utgiftsført på kapittel 1720 i tidlegare budsjettår til bruk på Forsvarsdepartementets kapitler 1700, 1735 og 1791, samt Justis- og beredskapsdepartementets kapittel 481.

## III

## Tilsagnsfullmakt

Stortinget samtykker i at Forsvarsdepartementet i 2021 kan gi tilsegn om økonomisk støtte ut over løyvinga, men slik at samla ramme for nye tilsegn og gamalt ansvar ikkje overstig følgande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1700		Forsvarsdepartementet	
	73	Forsking og utvikling	500 mill. kroner

## IV

## Bestillingsfullmakt

Stortinget samtykker i at Forsvarsdepartementet i 2021 kan foreta bestillingar ut over gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye bestillingar og gamalt ansvar ikkje overstig følgande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1760		Forsvarsmateriell og større anskaffingar og vedlikehald	
	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald	103 723 mill. kroner

---

---





